


Melding om oppstart av planarbeid for Nordheimstunet og Haugheim, gnr /bnr 91/59 m.fl., Edland i Vinje kommune.



I medhald av Plan- og bygningslova § 12-1 og 12-8, kunngrjerast hermed oppstart av detaljregulering for Nordheimstunet og Haugheim, PlanID 20180003. Planområdet omfattar eigedommane gnr/bnr 91/59, 91/75, 91/2, 91/24, 91/25 og deler av 91/6. Plangrense inn på 91/6 er førebels sett. Planen utarbeides på vegne av Vinje kommune og i hht Plan- og miljøutvalgets vedtak 17.01.2018, sak 18/2.

Innanfor kommunens eigedom er føremålet med planarbeidet å forlengje regulert veg fram til nordre del av eigdommen (gnr/bnr 91/75), leggje til rette for fleire bueiningar / omsorgsbustader, auke parkeringskapasiteten og avsetje areal til uteområde / fellesareal.

Innanfor eigdommen 91/2 er føremålet å leggje til rette for ca 7 mindre bueiningar. Deler av desse vil etter nærare vurdering tilretteleggjast slik at dei kan fungere som omsorgsbustader. Arealet med eksisterande bustad og løe vurderes regulert som boligområde

Det planleggast regulert inn gang- og sykkelveg frå Nordheimstunet og opp til Utgardsvegen i nord. Traseen vil i hovudtrekk følgje trase for eksisterande gangveg, men planlagt utvida i breidde slik at den kan brøytast.

Planen skal elles avklare trasear for VA i området og leggje til rette for grensejusteringar mellom eigedommane gnr/bnr 91/59, 91/75 og 91/6.

Ny plan vil erstatte eksisterande plan for Nordheimstunet Omsorgssenter, PlanID20000001.

Det er gjord ei vurdering og konkludera med at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, jmf Forskrift om konsekvensutgreiingar.

Utbyggingsavtale

I medhald av PBL, § 17-4 meddeles også oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale. Utbyggingsavtalen skal inngås mellom Vinje kommune og grunneigar/utbygger på gnr/bnr 91/2.

Ytterligere informasjon om planarbeidet rettast til Karttjenester as v/ Jøren-Ola Ousdal, tlf 38370563 / 45865410

Eventuelle innspel må sendast skriftleg (*med kopi til Vinje kommune: postmottak@vinje.kommune*) innan **30.06.2018** til:



Karttjenester as

Postboks 158

4441 Tonstad

E-post: post@karttjenester.no